




Granvin Barne- og ungdomsskule

Vision - Alle med, gjennom læring og trivnad; i fellesskap.



Dagens organisering



1 Kjelde: SSB og Udir

Skuleår	14/15	24/25	30/31	45/46	Endring
Elevtal	94	120	106	82	-31,7
Kapasitet	Normal: 178		Maks: 198		
Kapasitetsutnytting av normal kapasitet		67%	59%	46%	
Gjennomsnitt klassestorleik	9,4	12	10,6	8,2	
Gruppestørrelse 1. – 4. trinn (Norm 15)	9,68	12			
Gruppestørrelse 5. – 7. trinn (Norm 20)	14,31	12,96			
Gruppestørrelse 8. – 10. trinn (Norm 20)	12,24	10,32			
Tal barn i SFO	38 (29 barn har 100% plass)				

Endring er mellom elevtala i 2024/25 og dei framskrivne elevtala i 2045 (i prosent)


Bemannning



Årsverk leiarressurs	203% (inkl. undervisningsinspektør)
Årsverk lærarressurs	857%
Median alder, tilsette	Ca 45 år
Kompetansebehov – Kva manglar me?	GLU (grunnskulelærar) 1-7

Økonomi

Rekneskap 2023	15 007 858,-
Rekneskap 2024	16 926 209,-
Budsjett 20224	17 157 648,-
Budsjett 2024, utan SFO	15 904 432,-
Rekneskap 2024, utan SFO	15 653 938



Gjennomsnitts kostnad per elev eks. SFO, i 2024 (For skular som eit eller fleire barn med omfattande hjelpebehov er det gjort eit fråtrekk på 300 000,- per barn).

Bygningsmasse

Byggjeår	1972/1997		
Bruksareal	3447 m ²		
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport fra Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Avstand til Vossevangen	26,7 km.
Avstand til Bjørgum skule	18,5 km.
Tilhøve ved skulevegen	Granvin sentrum tilrettelagt med låg fart samt gang- og sykkelveg. I 2024/2025 hadde 48% skuleskyss, mange grunna avstand.
Særlege tilhøve ved skulen	<ul style="list-style-type: none"> - Godt og varierte uteareal med idrettsplass, ballbinge, skog og leikeapparat - Trivselsleiarskule med TL-kursa elevar. Har utstyr til bruk i aktiv undervisning og leik ute og inne med elevstyrte aktivitetar - Skulen mykje brukt på kveldstid av lag og organisasjoner
	Praktisk læring i Granvin:




	<ul style="list-style-type: none">- Lavvo som turmål i skogen, tilgang til sjøen med eige naust- Spesialrom: Sløyd, tekstil, kjøken, skulebibliotek og basseng- Fysisk aktivitet ein halv time per dag for alle elevane (lærarstyrt)- Skulen jobbar med undersøkande læring, blant anna gjennom microbit, oppgåveløyper, whiteboards som elevane nyttar og 1 – 3 dagar i veka har elevane undervisning ute.
--	--

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Ny barnehage under bygging, med plass til 84 barn
Tilknyting til andre tenester	I sentrum, bussterminal, kulturskule, bygdatun, båthamn og badeplass, folkebibliotek
Bustad og næring	Ein del nybygde einebustader og sjølveigarleilegheiter sentralt, positiv tilflytting, levande gardsbruk, gardsbutikk, skogbruk, Granvin Stein, Granvin maskinstasjon, Granvin bruk, butikkar, ein del mindre firma innan bygg og anlegg og anna næring, sjukeheimen, skulen, Jaunsen gjestgjevarstad

Kartutsnitt skulekrins





Eit utdrag av tilbakemelding frå elevar, foreldre, tilsette

Innspel frå elevrådet

Korleis hadde det vore for dykk å byrja på Voss ungdomsskule, i staden for å halda fram i Granvin?

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">Nye vennarStørre valfridom i høve valfagNy og flott gymsal	<ul style="list-style-type: none">Mindre oppfølging frå lærarFor mange elevarFor somme kan det vera ein psykisk belastningMeir mobbing

Elevane seier dei ikkje ynskjer å byrja på Voss ungdomsskule, og at dei har inntrykk av at det er eit dårlegare miljø der med meir rus og hærverk.

Korleis hadde det vore for dykk om elevane frå Bjørgum byrja på ungdomsskulen i Granvin?

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">Fleire vennerFleire moglegheiter t.d. i gym-timaneBjørgum-elevane vil få eit tryggare og rolegare miljøAuka sannsyn for å behalda ungdomsskulen	<ul style="list-style-type: none">Vert litt trongareKanskje me vil reisa meir til Vangen, om me får vennar der

Elevane seier dei lovar å ta vel i mot ungdommane frå Bjørgum dersom dei kjem.

FAU og skulen om det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med

- Svært godt utdanna personale med variert kompetanse 1.-10.
- God tilgang på spesialrom og grupperom samt uteområde for leik og læring
- Overgang barneskule til ungdomsskule er trygg og glidane, elevane kjenner kvarandre, skulen og dei tilsette godt frå før.
- FAU: Trygt å senda elevane til ei liten skule. Granvin har gode fadderordningar heilt opp på ungdomstrinna og at det er lett å få til felles aktivitetar på tvers av trinna noko som førebygger mobbing.

Forbetningsområde

- Meir kompetanse på ulike diagnosar og individuell tilrettelegging for desse



- Opplæring i bruk av Lingdys+ for dei med dysleksi
- Er i gang med å bli endå betre på elevaktiv undervisning og tverrfagleg arbeid
- Ynskje om fleire elevar for å få eit større mangfald
- FAU: Ynskjer elevar frå Bjørgum til ungdomstrinna i Granvin, då dei ser at dette kan bli sårbart med få elevar på ungdomstrinna. Betre samarbeid på tvers av ungdomsskulane i heradet.

FAU om skulen sin plass i nærmiljøet

- Skulen er hjarta i bygda
- Fryktar at kultur- og fritidstilbod vert dårlegare dersom ungdomsskulen vert lagt ned
- Fleire vel å busetja seg i Granvin grunna skulen. At den ikkje er så stor vert opplevd som trygt og godt

FAU om skulekvardagen til elevane

- Det aller viktigaste er at elevane har det trygt og godt. At dei har eit godt læringsmiljø, at dei møter trygge og kjente fjes.
- Dei fryktar lang reiseveg dersom elevane skal byrja på ungdomsskulen på Vangen. Viktig at dei beheld ettermiddagane sine til lekser og fritidsaktivitetar, og slik sett også trivnad.

FAU om ulemper og fordelar ved strukturendringar

Fordelar	Ulemper
<ul style="list-style-type: none">• Kan vera ein ulempa dersom kulla vert for små	<ul style="list-style-type: none">• Dersom ungdomsskulen forsvinn kan mykje av kultur- og fritidstilbodet bli vekke• Ved å oppretthalda ungdomstrinnet har ein fleire tilsette på skulen, totalt sett• Meir robust i høve fleire tilsette som kan nyttast på tvers av barne- og ungdomstrinna• Positivt å ha tett samarbeid mellom barne- og ungdomstrinna

FAU om uro ved endring av skulestrukturen og deira viktigast bodskap

FAU si største uro er knytt til ungdomsskuleelevene si psykiske helse dersom dei må starte på ungdomsskulen på vangen. Lenger reiseveg som gjev kortare ettermiddagar til lekser, fritidsaktivitetar og tid med venner.

FAU sin viktigaste bodskap

- Ta i bruk heile Vossabygda



Voss herad

- Ynskjer ikke å sende elevane til Voss ungdomsskule grunna miljøet, særleg knytt til hærverk og rus